

Innkalling styremøte i Valdresmusea AS

2024:5

Tidspunkt: Fredag 13. desember kl. 11.00—12.00

Stad: Teams

Til stades: Odd Erik Holden, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Arne Erik Fønhus og Kristin Gulbrandsen. Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Sak 12/2024: Rekneskapsrapport per 30. november

Rekneskapen syner eit mindreforbruk per 30. november på kr. 387 000,-. Som følgje av ytterlegare meirkostnader med vedlikehald i samband med ferdigstillinga av ENØK-tiltaket, anslår ein eit årsresultat rundt 0,-. Rekneskapsrapporten ligg vedlagt.

Vedtak: Styret tek rekneskapsrapporten til vitande.

Sak 13/2024: Arbeidsplan

I førre styremøte bad styret administrasjonen ferdigstille budsjettet og arbeidsplanen for 2025 med dei merknadane som kom fram i møte. Endeleg budsjett og handlingsplan skal leggast fram for styret for vedtak i møte i januar 2025, står det i vedtaket. Handlingsplanen er derimot ferdigstilt og ein ber styret vedta denne no.

Vedtak: Styret vedtek handlingsplanen for 2025 med følgjande merknadar: Styret ber om at ein innsats på forskingsområdet stavkyrkje blir særleg kommentert. Dette i lys av nytilsetting i 2025. Det same gjeld retting av ordlyd som gjeld UNESCO-innskriving av bunaden.

Sak 14/2024: Orienteringar

1. Flaumvern:

Administrasjonen har halde eitt møte med naboane på eigedom 66/50. Eigarane viste forståing for behovet for helsar tiltaket velkomen. Ein har òg vore i dialog med kommunedirektør Martin Sebu og har planar om eit oppfølgingsmøte i januar 2025.

2. Budsjettsøknaden:

Budsjettsøknaden til Kulturdepartementet vart sendt 1. desember, og er utforma i tråd med styret sin strategi og prioriterte satsingar. Budsjettsøknaden ligg vedlagt.

3. Tilsettingar:

Jan Dokkehaugen og Ragnhild M. Bø har begge takka ja til stillingar ved museet. Jan er ein svært dyktig handverkar, har lang fartstid med restaurering av antikvariske bygg, og har vore tilknytt bevaringsprogrammet for stavkyrkjene. Per tid arbeidar han i Slidre Bygg. Ragnhild M. Bø er tilsett som forskingsleiar og førstekonservator. Ho jobbar som undervisningsleiar ved institutt for kunsthistorie ved Universitetet i Oslo. Bø har vore forskingsleiar ved Nasjonalmuseet og har lang erfaring i forskning på eldre historie, kyrkjekunst og historiske portrett.

4. Rehabilitering Velkomstbygget:

Det vart i førre styremøte varsla om meirkostnadar med vedlikehald på Velkomstbygget, dette som følge av skadar avdekka i samband med gjennomføringa av ENØK-tiltaket. Årsakane til meirkostnadane skuldast mellom anna at veggarealet mot aust viste seg å vere større enn fyrst oppgitt i anbodsdocumentet. Dette førte til auka kostnader i alle poster med fleire asfaltplater, vindduk, sløyfer, lekter, panel, samt utvida leigetid av stillas.

Under arbeidet vart det også avdekka behov for a) meir isolering/tetting på enkelte område, b) nye hjørnekasser i same materialar som øvrig vegg, c) isolering av grøft for avløpsvatn frå tak, d) ekstra beslag ved samanføyingar mellom solpanel og tak, e) ekstra beslag ved takvindaug og luftehattar, f) isolering/tetting rundt vindaug og dragarar på fjordsida av bygget, g) og ekstra lag med lekter for betre lufting av heile taket, også under solpanel.

Totale meirkostnadar i den avslutta rekneskapen kom på totalt kr. 816.308,-

Vedtak: Styret tek orienteringssak 1–3 til vitande. Styret ber administrasjonen ferdigstille ENØK-tiltaket med dei meirkostnadane som det er gjort greie for i denne rapporten, og innfor fristen 31. desember som er sett av ENOVA.